



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
John Olav Hisdal, 5557 2324

Vår dato
23.11.2016
Dykkar dato
20.11.2016

Vår referanse
2016/14909 472
Dykkar referanse

Pukk Vest AS
Røtingavegen 449
5216 Lepsøy

Melding om mobilt knuseverk Galteråsen, Lindås kommune

Vi viser til melding om ovannemnde mottatt av oss 21. november 2016.

Knuseverket er plassert på gnr. 137 bnr. 772 på Galteråsen i Lindås kommune. Det er ca. 5000 m³ med sprengstein som skal knusast/siktast. Knusinga vil gå føre seg i to til tre veker og vil starte opp i slutten av veke 47.

I meldinga går det fram at avstanden frå knuseverket til næraste bygning(lager/kontor) er 160 meter. Tiltakshavar opplyser at det ikkje er bustader i nærområdet til knuseverket. Når knusinga tek til vil det bli gjennomført støymålingar. Knuste massar vil bli lagt oss ein støyskjerm mot omgjevnaden. I meldinga går det fram at ein reknar med at støykrava i kapittel 30 vert oppfylt.

Det er ikkje lagt opp til støvnedfallsmålingar på grunn av den korte tida knusing skal gå føre seg.

Pukk Vest AS er utførande entreprenør for knuseaktiviteten. Firmaet er kjent med kapittel 30 i forureiningsforskrifta og vil syte for at krava i denne vert oppfylt.

Fylkesmannen tar meldinga til orientering, og kan eventuelt føra tilsyn med aktiviteten på eit seinare tidspunkt.

Med helsing

Hallvard Hageberg
Senioringeniør

John Olav Hisdal
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ